

9.mai 2019

Nordhordland næringshage på vegne av Fotograf Arne Aarseth (ENK)

### SPEKIFIKASJON AV TIDLEGARE INNSENDT SØKNAD

Viser til innsendt søknad på vegne av fotograf Arne Aarseth i samband med foto og bokprosjekt, og sender spesifisering som avtalt med Rune Heradstveit pr. telefon.

Prosjektet vil bestå av ein bokdel og ei utstilling slik det står skildra i innsendt søknad. Til informasjon vil bokdelen bekostes av Arne Aarseth sjølv, *det vil seie at det ikkje søkes om midlar til denne delen av prosjektet.*

**Kva søkes det støtte til?** Frå regionrådet i Nordhordland søkes det om støtte til gjennomføring av ei mobil utstilling av 100- åringane i kommunane i Nordhordland, som kan flyttast rundt til utvalde stader i vår region. Målet er å ha utstillinga klar til samanslåinga av Alver kommune (og samanslåinga av fylka).

Det er planlagt at 15 bilete vert med i utstillinga, saman med tekst med informasjon om den som er avbilda. I samband med utstillinga vil Aarseth sjølv være tilstades og fortelje om sine opplevingar med personane han har møtt, og fortelje gode historier frå samtalene med dei som er avbilda.

**Kva koster utstillinga?** Med føresetnad om at ein får stilla ut bileta gratis, vil utstillinga koste rundt 20000 kroner (Det kostar ca. 1000 kroner for framkalling og innramming pr. bilete, og så kjem transport og div.småutgifter i tillegg).

**Kor mykje søkes det om?** Frå Regionrådet i Nordhordland søkes det om å få dekt utgiftene knytt til utstillinga i Nordhordland, dvs. **20000 kroner** (eller i overkant av 2000 kroner frå kvar av dei ni kommunane som utgjer dagens Regionråd). *Det ikkje søkt om støtte direkte frå den enkelte kommune, kun Regionrådet i NH.*

Til Regionrådet sin informasjon har Aarseth til no fotografert sju personar frå ei ni kommunane som er med i Regionrådet, herav ei frå Austrheim, tre frå Lindås, ei frå Meland og to frå Osterøy. Dei to frå Osterøy skal pryde forsida i boka. Framsida i boka er lagt ved, saman med bilete av hundreåringen frå Meland.

Pr. 1.1.2019 var det registrert 12 100- åringar i Nordhordland: Austrheim 1, Lindås 2, Meland 2, Osterøy 2, Radøy 2, Fedje 2, Gulen 1, Masfjorden 0 og Modalen 0. Talet 100- åringar varierer av naturlege årsaker. For å være med i Aarseth sitt prosjekt må ein være fylt 100 år. Målet er at det er å fotografere personar frå alle kommunane i vår region og ha dei med i utstillinga i Nordhordland.



På vegne av Arne Aarseth,

Eldbjørg Ness/Nordhordland næringshage